



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 23.05.2017  
**Møtestad:** Heradsstyresalen - Osterøy rådhus  
**Møtetid:** 12:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Berge Litland		Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar
Åge Clausen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Aslaug Gjerstad		Medlem
Atle Eide		Medlem
Magne Reigstad		Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
007/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/17	Godkjenning av møtebok
009/17	Referatsaker og meldingar

## **007/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **23.05.2017 ELDRERÅDET**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### **ELD - 007/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

---

## **008/17: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok frå                      vert godkjend.

### **23.05.2017 ELDRERÅDET**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 24.04.17.

### **ELD - 008/17 VEDTAK:**

Møtebok frå 24.04.17 vart godkjend.

---

## **009/17: Referatsaker og meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

### **23.05.2017 ELDRERÅDET**

*Melding nr. 1 - Høyringssak - Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon*

I møtet 24.04.17 var sektorleiar helse, omsorg og sosial Nina Kvamme til stades og orienterte grundig om denne saka.

Etter drøftingar gjorde Eldrerådet slikt samrøystes vedtak:

1. **Eldrerådet sluttar seg til framlagde utkast til lokal forskrift om rett til langtidsplass i Osterøy kommune.**
2. **Eldrerådet strekar under at desse må sjåast i samanheng med øvrige steg i omsorgstrappa, for å unngå uheldige vridningseffektar.**
3. **Eldrerådet vil og nytte dette høve til å streka under**
  - a) **det er trong for snarleg oppfølging/realisering av bufellesskaps plassar og rett dimensjonerte heimetenester**
  - b) **gjennomføra/leggja fram ein analyse av meirforbruket i 2016**

*Melding nr. 2 - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Fosslid bustad, gnr. 137, bnr. 200 m.fl. - vart delt ut i møtet.*

#### **ELD - 009/17 VEDTAK:**

Med desse merknadene vart referatsakene tekne til vitande.

---

#### **Andre saker:**

- Den nye rådmannen, Ingvild Hjelmtveit, var til stades i møtet. Ho presenterte seg og svarte på spørsmål frå rådet. Ho presiserte at ho ønskte eit godt samarbeid med Eldrerådet, og at ho var oppteken av rett hjelp på rett nivå innan helsetenesta.
  - Åge Clausen opplyste at han som leiar av Eldrerådet er med i Politisk verkstad på Osterøy. Første møtet var 22.05.17 og neste møte vert 14.06.17.
  - Leiaren opplyste at han har meldt seg som interessert og fått plass på to konferansar som helseministeren arrangerer. Ein i Bergen og ein på Hamar, 20.06. og 26.09.17.
  - Utvalssekretæren, Turid Reigstad, sluttar i kommunen 30.06.17 p.g.a. oppnådd aldersgrense. Dette var det siste møtet for sekretæren i Eldrerådet, og det vart servert kake og kaffi. Leiaren og nestleiaren takka for godt gjennomført arbeid og godt samarbeid gjennom mange år, og leiaren overrekte blomster til sekretæren. Utvalssekretæren takka og for seg og for godt samarbeid med rådet gjennom 14 år.
-

Til å skriva under møteprotokollen saman med leiaren vart desse valde: Berge Litland og Ove Kleiveland.

Lonevåg, 30.05.17

Turid Reigstad  
Utvalsesekretær

-----  
Åge Clausen  
leiar

-----  
Berge Litland

-----  
Ove Kleiveland